

Menighetsbladet

Nr. 1 • Vinteren • 2011 • 44. årgang

BORE KLEPP ORRE



Eit år av ei anna verd



LysVaken - Adventsnatt i kyrkja



Menighetsbladet gratulerer!



Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 6 gonger i året.

Redaksjonskomité:
Einar Egeland
Anne Håkonsholm
Arvid Hareland
Ingunn D. Aandal - kontaktperson

Layout: Linda Aanestad
Trykk: Olsson as

Postadresse:
Menighetsbladet
- Postboks 101
- 4358 Kleppe

- Telefon: 51 78 95 55
- e-post:
menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Neste nummer kjem ut 31. mars

STOFF MÅ LEVERAST INNAN 08/03

(Med forbehold om ledig plass)

Surf innom
www.klepp.kirken.no
eller
www.klepp.kyrkja.no

Der vil du finne mykje
nyttig informasjon.
Velkomen!

KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

KLEPP KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Kleppvarden 2, 4352 Kleppe
Postadresse: Postboks 101, 4358 Kleppe
Telefon: 51 78 95 55
Telefaks: 51 78 95 50
e-post: kontor@klepp-kirken.no
e-post Menighetsbladet: menighetsbladet@klepp-kirken.no
Heimeside: www.klepp.kyrkja.no

KONTORTIDER

Måndag - torsdag: 08.30 - 14.30
Fredag: 08.30 - 12.30
Elles etter avtale

Frøyland og Orstad kyrkjekontor:
Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4355 Kvernaland
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland
Telefon: 52 97 31 50
Heimeside: www.fok.no

Kontortider:
Tysdag og torsdag: 09.00-12.00

Bore kyrkje	51 42 22 52	
Soknerådet, Nikolai Homme	51 42 00 77	900 53 744

Frøyland og Orstad kyrkjelyd		
Soknerådet, Sigve Klakegg	51 48 75 83	900 21 677

Klepp kyrkje	51 42 16 39	
Soknerådet, Svein Olav Nesse	51 42 34 86	920 22 874

Orre kyrkje	51 42 23 46	
Soknerådet, Bjørn Borgen	51 42 86 94	900 19 534

TELEFONLISTE ANSATTE:

Namn	Direktenummer	Privat
Kyrkjeverge, Johannes Byberg Sr.	51 78 95 60	915 89 325
Sekretær, Ingunn D. Aandal	51 78 95 59	924 19 934
Sekretær, Kari Haavardsholm	51 78 95 55	992 66 752

Sokneprest, Andreas Haarr	51 78 95 51	977 16 339
Sokneprest, Åsmund Steinnes	51 78 95 52	402 01 978
Sokneprest, Sigve Ims	52 97 31 51	475 00 941
Prest, Jarle Minnesjord	51 78 95 54	970 66 145
Prest, Frode Helvig		986 03 405

Kantor, Anne Jordheim		480 59 844
Organist, Ove Byberg	51 78 95 58	926 67 300
Organist, Arne Hadland,	51 48 83 77	
Musikalsk leiar, Hilde Sveta	52 97 31 53	482 45 034

Diakon, Henny Lie Sandve	51 78 95 56	473 02 252
--------------------------	-------------	------------

Kateket, Karsten Wilhelmsen Degnes	51 78 95 53	450 48 726
Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte	51 78 95 57	478 70 004
Ungdomsprest, Just Salvesen	52 97 31 52	410 04 692
Ungdomsarbeidar, Erlend T. Sørensen		984 56 322
Ungdomsarbeider, Lars Meling Berge		905 11 316
Ettåring, Helge Hovtun		412 58 660

Kyrkjetenar, Ketil Arne Terning	51 78 95 61	900 35 471
Kyrkjetenar Bore, Johannes Byberg jr.		464 16 040
Kyrkjetenar Orre, Marit Hetland		900 66 798
Kyrkjetenar, Sveinung Overøye	52 97 31 54	406 05 750

Klokkar Bore, Terje Idsø		51 42 18 09
Klokkar Orre, Bjørn Borgen		51 42 86 94
Klokkar Orre, Knut Terje Noraberg	51 11 18 38	928 38 378

Dagleg leiar Frøyland og Orstad, Bjarne Lemvik	52 97 31 50	905 98 031
---	-------------	------------

Eit nytt spennande år!

Etter at Frøyland krins nå er ein del av kyrkja i Klepp, er innbyggjartalet ca. 20 000 for kyrkja sitt ansvarsområde. Dette betyr stort ansvar for kyrkje å leggje tilhøva til rette for dei tenesta kyrkja kan gi, og det gir ansvar til sokna for kyrkjelege tilbod.

Kyrkjelydane i Klepp er svært ulike. At kvart sokn set sitt preg på måten å løysa oppgåvene på gjer tilbodet rikare, og er med å understrekar det mangfold kyrkja står for.

Utan stor innsats av frivillige hadde ikkje alt kyrkjeleg arbeid som nå er i gang vært mogleg, og det er dei frivillige sin innsats som i stor grad og framover vil være livskrafta i kyrkjelydsarbeidet.

Klepp har fått ei fin og funksjonell kyrkje på Orstad. Dette set sitt preg på arbeidet, ikkje bare i Frøyland og Orstad, men i resten av Klepp. Stor eigeninnsats og gjevarteneste pregar kyrkjelyden.

Det er gildt å sjå, og merka den store innsatsen som er i gang i alle sokna. I Bore er det stor aktivitet og det lagt ned eit stort arbeid for å få utvida kyrkja. Kyrkja er for lita, det er trist å sjå at folk som kjem til kyrkja snur i døra, det er fullt. Planarbeidet for utviding tek til dette året.

I Klepp, det største soknet har og for lita kyrkje. Her har ein kome langt i å finne tomt til ny kyrkje, kjem attende til detaljer seinare. Klepp stasjon har og ei eiga gruppe som har gudste-

nester på Engelsvoll skule, med stasjonsbygninga som base. Og i Orre er det planar om å byggja kyrkjelydssal, i tilslutning til kyrkja. Arbeid og pågangsmot er uttrykk som er dekkande for alle sokna.

Renoveringsarbeidet med Orre gml. kyrkje har gått etter planen og nærmar seg ferdig. Arbeidet er grundig gjennomført og det er ei fin gamal kyrkje som nærmar seg presentasjon. Kva tid gjenopninga av kyrkja vert er ikkje klart endå. Vi må fyrst løyse spørsmålet om parkeringsplass.

Når det gjeld tilsette blir året som kjem spennande, med ny kyrkjevevje, Dagbjørg Straume frå 1.februar. At kyrjekontoret, dei tilsett har hatt ei spesielle tid nå snart i 2 år gjer at vi nå ser fram å kome i stabil arbeidssituasjon. Det er mange som arbeidar innanfor kyrkja sine mange områder. Nokre oppgaver kan være vanskelege og mange vert utført av og mot enkeltpersonar. Dette er viktige oppgaver, og det er viktig med omtanke for dei som står i desse oppgåvene, og eg trur det er mange som treng å --- "kjenne varmen frå ein som er glad i deg".

Johs. Byberg, Fungerande kyrkjevevje

"Vår Herre gav oss livet og lukka dag for dag. Kva har me andre gjeve av ljøs og hjartelag?" - Bernt Støylen

**Ønskjer du
nokon å
snakka med?**

Du er velkomen til å ta kontakt med prest, kateket og diakon for samtale.

Diakon Henny Lie Sandve
tlf. 51 78 95 56

Sokneprest Andreas Haarr (Klepp)
tlf. 51 78 95 51

Sokneprest Åsmund Steinnes (Bore)
tlf. 51 78 95 52

Kateket Karsten Degnes
tlf. 51 78 95 53

Prest Jarle Minnesjord (Orre)
tlf. 51 78 95 54

Prest Frode Helvig (Klepp Stasjon)
tlf. 986 03 405

Forbønnsgruppe i Bore menighet

En viktig tjeneste i en menighet er personlig forbønn. Ved sykdom, når en har motgang eller er i vanskelige livssituasjoner, kan det være godt å bli bedt for. Dette hører med til den omsorg en menighet har for sine medlemmer.

I Bore menighet har vi nå i ett år hatt tre personer i denne tjenesten med å be for enkelt-personer som ønsker det. Det er Olav Vestvik, Andrine Homme og Marit Lauvskar. Det ligger dem alle på hjertet å be for mennesker som ønsker forbønn. De vil ikke si at de har nådegave til å helbrede, men vi har forventinger til hva Gud gjør ved denne tjenesten. Gud har gitt oss mange løfter knyttet til bønn. "Be, så skal dere få." Mt 7,7. Se også Jakob 5,13-16.

Vi vil gjerne at det skal være en lav terskel for å ta kontakt. Ingen ting er for lite og ingen ting for stort til å be om. Forbønnen kan foregå hjemme hos den som ønsker forbønn, i kirken eller kirkestua eller annet sted der det er naturlig. De vil alltid gå minst to sammen. En kan foreta forbønn både med og uten salving. Absolutt taushetsplikt.

Den som ønsker forbønn kan ta kontakt med en av de tre i gruppen og gjerne si hvem av de andre en ønsker skal komme med. Det er også mulig å formidle ønske om forbønn gjennom presten. Stort eller lite; det er godt å bli bedt for, så ikke nøl med å ta kontakt!

Olav Vestvik tlf. 957 20 085
Andrine Homme tlf. 909 76 477
Marit Lauvskar tlf. 900 87 024

Åsmund Steinnes - sokneprest

Menighetsbladet gratulerer!

Elna Barane mottok Kongens Fortjenestemedalje i sølv 13. november 2010 for sin innsats med barneklubbane på Tu i 40 år. Menighetsbladet vil og gratulera Elna med velfortent heider. Dei som vil lesa meir om bakgrunnen for dette, kan finna fram menighetsbladet for jula 2009 og lesa om "Stor messe- og basarhelg på Tu".

Denne utgåva finn du og på www.klepp-kirken.no under Menighetsbladet.



MISJON OG ISRAEL

Israelsmisjonskontaktene på Jæren inviterer til samling om misjon og Israel med **Far og sønn Håvard og Johannes Kleppe**, begge aktive på hver sine områder i israelsmisjonen i en årrekke, deltar.

Søndag 13. februar i Bryne kyrkje

kl 11.00: Deltar ved gudstjeneste

kl 19.00: "Misjon og forsoningsarbeid i Israel"
Sang: Jærklang
Misjonsinformasjon og aktuelt fra Israel

Det blir enkel servering
Offer til evangelisering blant jøder

Vel møtt

*Evangeliet skaper
fred mellom
menneske og fred
med Gud*

Eit år av ei anna verd

”Ein av dei sidene ved kulturen her som eg synes at er spanande er den avhengigheita folk her har til storfamilien og menneska rundt seg.”

KAMERUN

Tidl. Fransk koloni

Folketall: ca. 19 000 000

Hovedstad: Yaoundé

Styreform: republikk

Statsoverhode: President Paul Biya

Språk: fransk, engelsk og ca. 280 lokale språk

Religion: ca. 20 % muslimer, 40 % kristne og 20 % tradisjonelle religioner

Hiv/aids: 5,1 %



Vi skal gjennom dette året følge
Brit Hodne (18 år fra Kleppe)
som gjennom Hald Internasjonale
Senter er i Ngoundéré, Kamerun fra
oktober til april.

britikamerun.blogspot.com.

No er eg halvvegs i opphaldet mitt her i Kamerun. Eg har opplevd mykje og lært mykje om både den kulturen eg lever i og den kulturen eg kom frå. Ein av dei sidene ved kulturen her som eg synes at er spanande er den avhengigheita folk her har til storfamilien og menneska rundt seg. I Noreg er det gjerne sånn at individet og dets evne til å klare seg sjølv står i sentrum, men her er det ein verdi å være avhengig av andre. Dei svære familieane lagar mangedoble sikkerheitsnett under kvar enkelt, for er det ein som treng pengar, er det ein slektning med pengar som støttar han. Ein hjelper kvarandre, litt fordi at det er forventet av ein, men og fordi at om ein gir hjelp kan ein forventet å få hjelp når ein er i ei knipe sjølv. For oss som bur på misjonsstasjonen i fine hus med mykje pengar i lommeboka er dette ei daglig utfordring. Når skal vi gje, når skal vi ikkje gje, og kva seier Bibelen om dette? Desse spørsmåla er ein fast gjengangar på bibelgruppene våre, og eg er viss på at samtalanen om dette emnet er noko av det viktigaste eg kjem til å sitja igjen med i slutten av året.

Her kjem ein kort presentasjon av det arbeidet som fyllar dagane mine her. Alle arbeidsplassane våre møter problem av ulikt slag i kvardagen og eg utfordrar dykk til å være med å be for dei.

Centre Socio Menager

CSM er ein husmorskule i samarbeid med Femmes Pour Christ (FPC) og den evangelisk lutherske kyrkja i Kamerun (EELC). Her får jenter, som vanlegvis er i alderen 12-20 år, i løpet av tre år lære handarbeid, matlaging og hygiene, slik at dei lettare kan skape seg ein jobb som vaksne. Skuledagen varar berre frå 8 til 12 for at jentene skal ha muligheit til å hjelpe til heime og jobbe på ettermiddagane. I Kamerun er det seks CSM, og vi jobbar som engelsk- og datalærarar på skulen som ligg midt i byen vi bur i.

Happy Rainbow Children Center

Namnet lover bae gull og grøne skogar, men det vil eg jammen påstå at barneheimen me jobbar på leverer. Barneheimen er ganske ny – han vart starta opp for berre 2 år sidan av eit ektepar ifrå Sør-Korea. På barneheimen bur det no 18 barn mellom 3 og 16 år som av ulike årsaker ikkje kan bli tatt vare på av familie eller vener. Her bur dei, går på skule og får god oppfylgning av fleire tilsette. Vi kjem til barneheimen kvar måndag for å bruke tid med barna, leike med dei og lære dei litt engelsk.

EELC

Kvar torsdag jobbar vi på hovudkontoret til den evangelisk-lutherske kyrkja i Kamerun. Her gjer eg ymse praktisk arbeid for barne- og ungdomsarbeidet til kyrkja.



Salmetoppen

"Gleda ved å synge saman
– ikkje berre på badet."

Dette er ein idé frå Sverige som i form liknar på det gamle radioprogrammet 10 i skuddet. Alle kan kome med innspel ved å sende inn sin favorittsalme. Så plukkar vi ut 10 som skal presentarast fyrste kvelden. Det kan vere gamle trauste salmar, songar, viser og nyare lovsongar eller bønesongar med kristent innhald. Vi inviterer gjestesolistar, kor og grupper som får presentere songane, men også forsamlinga skal sjølvstendig få vere med i songen.

Alle som kjem får kjøpe seg ein 'Salmeseddel' til 50 kroner som er både program og stemmeseddel. Gjestane få halde ein minikonsert medan stemmene vert opptalde. Ein kan setje til saman fem kryss på den eller dei salmane ein likar best. Etter fyrste kvelden vil det stå att '10 på topp i Klepp.' Desse 10 vil neste gong få såkalla utfordrarar slik at vi etter kvar kveld har ei ny liste. Denne vil vi presentere i neste nummer av Menighetsbladet.



Miriam Slettebø
"Alt til deg"
av Ungfila



Asbjørn Sie
"Blott en dag"
av Sandell /
Ahnfelt

10 PÅ TOPP I KLEPP



Ingrid Lotsberg Norås
"Tårnhøye bølger"
av Zwilgmeyer / Hovland



Jostein Myklebust
"Det er makt i de foldede
hender"
av Bjerkheim / Tønnesen



Arne Tveranger
"Blå salme"
av Bye / Sommerro

Kva er din favorittsalme?

Send inn din favoritt og vinn ein CD!
Alle som vil kan sende sitt namn og
favorittsalme til kantor:
Anne Jordheim anne.j@klepp-kirken.no,
som SMS til 480 59 844 eller i brev til kyrkjekontoret.

PREMIEREN BLIR:

torsdag 10. februar kl.1900 i Klepp kyrkje

Gjest: Jostein Myklebust,
song- kor- og musikkpedagog.
Han har vore lærar ved Bildøy Bibelskule og
dirigent for DIVISI og KorIdé. Han er med i Haugesund
Kammeropera og er no lærar ved Karmøy Folkehøgskole.

NESTE KVELD BLIR:

torsdag 3. mars kl.1900 i Klepp kyrkje

Gjest: Hilde Svela,
musikalsk leiar i Frøyland og Orstad kyrkjelyd. Ho er dess-
utan frilans songar, har vore med i Oslo Gospelkor og aktivt
med i Storsalen i Oslo, og har gjeve ut platene "Tidevann"
og "Skapervind."

Deretter vil det truleg bli ei ny samling i april i
Bore kyrkje.

Arr: Kyrkjemusikalsk utval i Klepp

Kyrkja er ein spennande arbeidsplass!



Tekst: Anne Håkonsholm

Foto: Einar Egeland

Dagbjørg Straume (35) er tilsett som kyrkjevevjer i Klepp og tek til i stillinga 1. februar. Ho er oppvaksen på Ganddal. Rundt årsskiftet flytta ho frå Sola til Klepp. Dagbjørg har utdanning frå NTNU i Trondheim innan økonomi og leing. Etter dette har ho både vore dagleg leiar i Ræge menighet og kyrkjevevjer i Gjesdal. Det er ei engasjert dame med mange tankar og ei audmjuk haldning vi har fått som kyrkjevevjer!

Kva får ei ung kvinne med leiarutdanning til å søkje jobb innan kyrkja?

Under utdanninga mi i Trondheim var eg aktiv i Salem (Normisjon), ei menighet som gjekk gjennom ei organisasjonsendring. Eg var leiar i styret i denne perioden. Det var spennande og utviklande. Interessa for å jobbe med liknande oppgåver var vekt, og eg valde å skrive diplomoppgåva mi om endringsleing i frivillige organisasjonar. Kyrkja når breidda av folket og omsluttar heile menneskelivet. Eg ser på kyrkja som ein spennande og utfordrande organisasjon der eg kan kombinere arbeid og teneste. Røynsla frå Ræge og Gjesdal har stimulert interessa og engasjementet ytterlegare. Begge stadar har eg vore gjennom planlegging av nye kyrkjebygg. Det har vore ein humpete og utfordrande veg med mykje lover og regelverk å sette seg inn i. Eg har hatt det fint i Gjesdal, men Klepp er ein spennande kommune med stor auke i innbyggartalet, fire ulike kyrkjelydar og fleire tilsette.

Kva tankar gjer du deg når du no er i startfasen på nye utfordringar?

Eg gler meg til nye utfordringar og har fått eit godt inntrykk av staben. Først må eg verta kjend med folket, kyrkjelydane og arbeidet som vert utført. Eg har stor respekt for det som har vore. Vi ville ikkje ha vore der vi er i dag utan det. For meg er det viktig å lytte for å finne ut kva som er behovet, korleis tilrettelegge for kyrkjelyd/sokneråd og korleis drive utadretta. Som kyrkjevevjer er eg ingen solospelar, men leiar for eit team. Vi skal spele kvarandre gode. Til alle tider har kyrkja vore ein viktig aktør i samfunnet. Eit viktig spørsmål er kva kyrkja kan gjere i lokalsamfunnet i dag. God kommunikasjon med kommunen er viktig. Dessutan står kyrkja framføre ei utfordrande tid med skile mellom stat og kyrkje. Denne prosessen vil eg gjerne vere aktivt med i. Eg er med i styret for kyrkjevevjerlaget og har god kontakt med andre kyrkjevevjer. Me treng å spele på kvarandre i det daglege arbeidet. Det er mange krav og utfordrande prioriteringar.

Kva er du opptatt av Dagbjørg?

I forhold til arbeidet mitt er eg opptatt av at kyrkja skal vere ein aktør i samfunnet. Møte med ungdom betyr også mykje for meg. Eg har vore engasjert i arbeid mellom unge på fritida mi. Elles betyr familien min svært mykje for meg. Vi snakkar saman og bearbeidar ting på ein naturleg måte. Det har gitt meg eit grunnlag for å vere engasjert og tenke sjølv, ja, rett og slett trygg til å vere meg sjølv. Som person er eg ekstrorvert og likar å vere i lag med folk, verte kjend med nye og ulike menneske.

Trua di, kva betyr ho?

For meg er det uaktuelt å ikkje tru. Eg har med meg trua mi i alt eg gjer og er. Å spegle seg i Gud er viktig i identitetsbygginga mi. Menighetsfellesskapet har betydd mykje for den eg er. I oppveksten var eg aktiv på bedehuset Salem på Ganddal. Der fekk eg også leiartrening frå åttande klasse og oppover.

Vil du seie noko til lesarane av menighetsbladet?

Eg ser fram til å verte kjend med folk og kyrkjelyd. Vi skal stå saman og tilrettelegge slik at draumane våre kan gå i oppfylling.

Lykke til Dagbjørg, me ser fram til å gå saman med deg!




Eit spanande arrangement fann stad natt til 1. søndag i advent. 10/11-åringar over heile landet hadde fått invitasjon til å overnatte i kyrkjene, som ein del av trusopp-læringsreforma i den norske kyrkja. Her på Klepp meldte 30 5-klassingar seg til å leike, bli kjende med kvarandre, lage gudsteneste, utforske kyrkja, ete god mat og sist, men ikkje minst, sove over i kyrkja!

Dette var veldig gildt å være med på, synst både barna og dei som hjalp til av Klekkarar og vaksne. De som blir 5-klassingar til hausten: Gled dykk!



Litt skummelt, men kjekt, i tårne



Det kan vera stritt nok å halde seg lys vaken



Gode Klekkare førebur lysvandring



Fine rishjerter.



Stor konsentrasjon! Resultatet blei eit flott adventsbilete med englar på.



Kjekk hobbyaktivitet rundt bordet. Telys-lykter med adventspynt blir produsert.



Utan mat og drikke.....



Spanande å verta intervjuva av journalist frå Aftenbladet



Ivrig innsats på bordkonkurranse



Mykje liv og røre i kyrkja



Gjengen i livleg prosesjon inn i kyrkja.



Gudstenester

KLEPP KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

06.02. kl. 11.00. Lovsangsgudsteneste med nattverd og dåp. Andreas Haarr og Ove Byberg. Søndagsskule. Offer til KRIK

13.02. kl. 11.00. Familiegudsteneste med dåp. Utdeling av 4-års bok. Andreas Haarr og Anne Jordheim. Offer til menighetsarbeidet.

20.02. kl. 11.00. Gudsteneste med nattverd. Andreas Haarr og Anne Jordheim. Håvard Kleppe deltek. Søndagsskule. Offer til Israelsmisjonen.

27.02. kl. 11.00. Gudsteneste med dåp. Jarle Minnesjord og Arne Hadland. Søndagsskule. Offer til Bibelselskapet.

06.03. kl. 11.00. Lovsangsgudsteneste med nattverd. Andreas Haarr og Ove Byberg. Søndagsskule. Offer: lønn til ungdomsarbeidar.

09.03. kl. 19.00. Fastesamling med skriftemål. Andreas Haarr og Anne Jordheim.

13.03. kl. 11.00. Familiegudsteneste med dåp. Andreas Haarr og Anne Jordheim. Offer til misjonsalliansen.

16.03. kl. 19.00. Fastesamling med nattverd.

20.03. kl. 11.00. Gudsteneste med nattverd. Andreas Haarr og Anne Jordheim. Søndagsskule. Offer til NLM

23.03. kl. 19.00. Fastesamling med nattverd.

27.03. kl. 11.00. Gudsteneste med dåp. Jarle Minnesjord og Arne Hadland. Søndagsskule. Offer til menighetsarbeidet.

30.03. kl. 19.00. Fastesamling med nattverd.

BORE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

06.02. Gudsteneste med nattverd. Åsmund Steinnes og Anne Jordheim. Offer: Misjonsprosjektet i Kamerun. Sondagsskule.

13.02. Ikkje gudsteneste. Kulturkvelds kl 19.00. Sjå eiga annonse.

20.02. G2 Tema. Nattverd. Band og forsangarar. Åsmund Steinnes og Ove Byberg. Offer: Menighetsarbeidet. Sondagsskule.

27.02. Familiegudsteneste. Dåp. Avslutning for dåpsskulen. Junhild Frøyshov og Torunn Renate Bore, Åsmund Steinnes og Ove Byberg.

06.03. Gudsteneste i Brekko friluftskapell. Nattverd. Åsmund Steinnes og Anne Jordheim. Offer til kapellet. Sondagsskule. Grilling og friluftaktivitetar.

13.03. Ikkje gudsteneste. Kulturkvelds kl 19.00. Sjå eiga annonse.

20.03. G2 Tema. Nattverd. Band og forsangarar. Åsmund Steinnes og Ove Byberg. Offer: Gå-ut-senteret, Hurdal. Sondagsskule.

27.03. Familiegudsteneste. Dåp. 4-års-bok. Junhild Frøyshov og Torunn Renate Bore. Åsmund Steinnes og Ove Byberg. Offer: Menighetsarbeidet.

03.04 Gudsteneste med nattverd. Åsmund Steinnes. Offer: Kirkens SOS

ORRE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

06.02. kl. 11.00. Gudsteneste med nattverd. Jarle Minnesjord og Arne Hadland

20.02. kl. 11.00. Familiegudsteneste med dåp. Jarle Minnesjord og Arne Hadland

06.03. kl. 11.00. Gudsteneste med nattverd. Jarle Minnesjord og Arne Hadland

20.03. kl. 11.00. Familiegudsteneste med dåp. Jarle Minnesjord og Arne Hadland



Kirkeskyss

Klepp Kyrkje:
Ring Pauline Braut
tlf. 51 42 52 03

Orre Kyrkje:
Ring Astrid Voll
tlf. 51 42 87 49

Frøyland og Orstad Kyrkjelyd:
Ring kontoret:
tlf. 52 97 31 50

Tekstane

5. s. e. Kristi åpenbaringsdag

06. februar 2011:
Matt 13,24-30, Sal 37,
1-7, Kol 3,12-17

Vingårdssøndagen

13. februar 2011:
Matt 20,1-16, Jer 9,23-
24, 1 Kor 9,24-27

Såmannssøndagen

20. februar 2011:
Luk 8,4-15, Jes 55,
10-11, 1 Kor 1,20-25

Kristi forklarelsesdag

27. februar 2011:
Matt 17,1-9, 2 Mos
34,27-35, Åp 1,9-18

Søndag før faste (Fastelavnssøndag)

06. mars 2011:
Luk 18,31-43, Jes 52,13-
15, 1 Kor 13,1-13

Askeonsdag

09. mars 2011:
1. Joh 3,18-24, Jes 58,5-
9, Matt 6,16-18

1. søndag i faste

13. mars 2011:
Matt 4,1-11 1, 1. Mos
2,8-9 og 3,1-19, Hebr
4,14-16

2. søndag i faste

20. mars 2011:
Matt 15,21-28, 1. Mos
32,24-30, 2. Kor 6,1-10

Maria Budskapsdag

27. mars 2011:
Luk 1,26-38, Jes 7,10-
14, Rom 8,1-4

4. søndag i faste (Midtfaste)

03. april 2011:
Joh 6,1-15, 5 Mos 8,1-3,
1. Joh 5,11-15



Orre kyrkje



Bore kyrkje



Klepp kyrkje



Frøyland og Orstad kyrkje



Orre gamle kyrkje



Klepp stasjon kyrkjelyd

FRØYLAND OG ORSTAD

KLEPP STASJON

(Alle gudstenester startar 10.30
der anna ikkje er oppført)

06.02. Gudsteneste med dåp.
Storsamling. Just Salvesen.

20.02. Gudsteneste med dåp.
Sigve Ims.

27.02. Gudsteneste med nattverd.
Sigve Ims.

06.03. Gudsteneste med dåp.
Sigve Ims.

20.03. Gudsteneste med nattverd.
Sigve Ims og Eivind Eikeland. G2.

27.03. Konfirmantgudsteneste med
Just Salvesen.

Gudstenester på Klepp stasjon
kyrkjelyd, Engelsvoll skule, kl. 11.00
Kraftgjengen, Barnas gudsteneste.

Vårens temaserie: "Disippelskap i
Apostelgjerningane" med fokus på
korleis vanlege mennesker vart møtt og
utrusta til eit liv som Jesu etterfyljarar".

06.02. Gudsteneste. "Forfølgjing som
vart til velsigning" Apg 6, 8-15. 8, 1-4 m.
Sølve Salte. Dåp. Nattverd.

20.02. Gudsteneste. Tilgivelsens kraft!
Apg 7, 54-60 m Frode Helvig. Dåp.

06.03. Gudsteneste. "Bønn og faste"
Apg 13,1-5. Nattverd. Sølve Salte.

20.03. Gudsteneste. "Lovsong i mørke"
Apg 16, 16-34. Konfirmanter deltek.
Kyrkjelunch.

Nytt fra Stiftelsen

Klepp nye kyrkje

Konto nr
3290.52.71147
for gaver
og givertjeneste.

Arbeid med tomt har kommet et stykke videre.

Kommunen har startet regulering av området vest for kirken i forbindelse med utvidelse av kirkegård.

I dette planarbeidet vil det også vurderes om ny tomt kan plasseres inn vest for kirken.

Vi ser med spenning fram til om dette vil gi en god løsning for ny kirke.

Økonomikomiteen planlegger et lotteri med trekning i Jærhagen lørdag den 2. april kl 1600.

Gevinster blir sykler og sykkelutstyr i samarbeid med G-sport i Jærhagen.

Vi kommer til å gå bredt ut i soknet og med besøk på dørene onsdag og torsdag den 16. og 17. februar, og håper på god oppslutning om kjøp av lodd og støtte til kirke.

Neste store satsing blir nordsjørittet der vi deltar med en stor dugnadsgjeng hvert år. I år blir dette på pinseaften den 11. juni.

Vi minner ellers om bruk av nr 14444 hos Coop som gir bonus til ny kirke, og panting av flasker på Coop Prix på Klepp stasjon der inntekten går til det samme.

Konto nr 3290.52.71147 for gaver og givertjeneste.

Leif Solberg



JULEMESSA 2010 - EIN STOR TAKK!!!

Endå ei julemesse for NMS er halden. 19. og 20. november var dagane då varer og gevinstar fylte gang og sal på Kleppe bedehus. Dagane er festdagar og markering av misjonsengasjement. Det er mange som er med å gjer at julemessa kan gjennomførast. Stor innsats for at alt skal "gli" godt.

Komiteen vil med dette takke alle for stor innsats. Takk til næringslivet og private som er med å gir/sponser gevinstar. Dette betyr at vi og i 2010 hadde auke i sal og lotteri og kunne sende heile kr. 250 000,- til NMS.

Takk til alle som var med. Nå ser vi fram til julemessa i 2011 som blir 18. og 19. november 2011.

For Julemessekomiteen
Johannes Byberg

Babysang

Påmelding/info:

laila.gravdal@yahoo.no / Tlf: 413 09 280

Påmelding innen 8. februar. Begrenset antall plasser.

Har du en liten i alderen 0-1 år?
Velkommen til en koselig stund
med sang og musikk, rim og
rytme, dans og bevegelse.

Kursleder:

Laila Gravdal, kantor

Kursstart:

9. februar kl. 10.00

i Klepp kyrkje, menighetssalen

Varighet:

Hver onsdag, 10 ganger

Pris:

kr 300,- inkl. enkel servering



Medhjelpere til babysang!

Har du anledning til å være med som medhjelper på babysang i Klepp kyrkje?

Kurset går hver onsdag kl 10 og jeg trenger noen som kan være med og ordne litt mat, frukt, kaffi og te.

Du trenger ikke binde deg for hver uke, kanskje du kan være med en gang i mnd?

Ta kontakt med Laila Gravdal på tlf 413 09 280 dersom du har spørsmål eller har lyst til å være med.

Velkomen til Bore kyrkjelyd

«Sett, famna og utfordra»



Heim



Kyrkjelege handlingar



Arrangement




Omsorg og fellesskap



Barn



Ungje



Info om oss

Bore kyrkjelyd er på internett! Her kan du sjå og lesa om arrangement som nyleg har vore, og om gudstenester og andre interessante saker som står på programmet. Vi har videoar og fotografi på lager, og informasjon om dei mange og varierte gruppene som er aktive i kyrkjelyden. Sjå om det er noko for deg! Kort og viktig informasjon om dåp, vigsel og andre kyrkjelege handlingar er også med. Gå inn på **borekyrkje.no**

Nå er vi på internett!
www.borekyrkje.no

KULTURKVELDS

kultur i kyrkja, kvelds i kyrkjestova

13. februar

Teater/foredrag med Pelle Sandstrak

Han er forfatter av boka MR TOURETTE OG JEG. Hvordan 97 % katastrofe vendes til 103 % suksess! «Pelle bodde i en liten bil, sluttet å stelle seg selv, levde på rus helt ytterst på livets kant. Så snudde det hele, han fikk hjelp, men det tok 10 år.»

13. mars

Livet er syltynt, men fargerikt

Petterson drev sitt eget reklamebyrå, og ble hedret med nasjonale og internasjonale priser. Han spilte gitar og piano, var en av initiativtakerne til Stavanger Gospel Choir og korets første dirigent. I koret bidro han også med melodier og tekster. Han jobbet med Karoline Krüger, Sigvart Dagsland, Reidar Larsen og Morten Harket. Livet gikk på skinner. I 1998 ble han rammet av hjerneslag. Livet gikk i tusen biter.





ÅRSFEST FOR KLEPP SOKN

Søndag 13. mars kl. 18:00
På Kleppe bedehus

Tale ved Svein Arne Lindøe
Sang ved Ingunn D. Aandal

Offer, mat, årsmøtesaker
Alle er velkomne!

Velkommen til kulturkveld i Klepp Kyrkje

Hein Steinskog tar
opp tema:

**BØKER,
SYND og
KRISTENDOM**

(om litteratur, lesing og
småsensur i det kristne mil-
jø på Jæren før og nå.)

Hein er innehaver av "BOKSTOVÅ" i
Kleppekrossen.
Vi ser fram til å høre spennende og
tankevekkende ord fra vår pensjonerte,
folkekjære prest i Klepp.


Musikk : Anne Jordheim og Inge Særheim

FORFRISKNINGER
Kolleks til "Stiftelsen Klepp nye Kirke"

.... VI ER I GANG!

Arr: Kulturkomiteen

torsdag
31. mars
kl. 19.00

 Kverneland Elektriske a.s  Bedriftsv. 9, 4353 Klepp st. • Org.nr. NO 980 416 208 TLF. 51 78 91 00 • FAX 51 78 91 01		 Håland Kjøtt KVALITET OG KUNNSKAP Kleppe - Tlf: 51 78 69 50 www.haland-kjott.no
 Byggmester Arnfinn Tveita Rishagen 20, 4352 Kleppe Tlf. 51 42 54 76	 Leif Harbo Maskinstasjon Fjogstadv. 105, 4352 Kleppe, 95031724.	 Stavanger Aftenblad - nyttig hver dag
MOI A/S	 Krogedal Begravelsesbyrå BØGNVAKT 51 42 78 00	 KLEPP SPAREBANK Enkelt og greit
Urmaker Odd Magne Håland & Co Jærveien 504, 4352 Kleppe Tlf. 51 42 52 62	 Fotklinikk Kari Tjåland Sandvik Offentlig godkjent fotterapeut Kjelvene 31, 4352 Kleppe Tlf. 51 42 56 46	
Malm Orstad as hydraulikk - maskinering	Hodne Gartneri as  Lars Tjøttasvei 41 4340 BRYNE NORWAY Tel: (-47-) 51426225 Mob: (-47-) 91585828 Fax: (-47-) 51426207 e-post: hgartner@online.no	
 Hatteland Elektriske AS Autorisert Elinstallatør Tlf. 51 42 14 40 Fax: 51 42 14 41		
 Hoff Hoff Norske Potetindustrier Jæren AL	Braut Planteskule PLANTESENTER OG BLOMSTERBUTIKK Jærveien 559, 4352 Kleppe. Tlf. 51 42 13 55	
 Bryne Begravelsesbyrå Tlf.: 51 77 80 80 Vi ønsker å bidra til en verdig gravferd www.brynebbyraa.no Reeveien 34, 4340 Bryne Døgnvakt 	 FARGERIKE Lytt til våre egne fargerike FARGERIKE Bygg/Miljø K.K. Klappesvei 1, Kleppe Tlf: 51 42 19 44 www.fargerike.no Maling • Tapet • Tepper • Gulvbelegg	 Jæren Data Vigdalsveien 640, 4054 Tjelta - Jæren 504, 4352 Klepp
DITT LOKALE BYGGEFIRMA Grude Bygg driver med: • Renovering av alle typer bygg • Bygging av eneboliger/rekkehus, landbruksbygg, industribygg og barnehager	 Koinonia KOINONIA BOK OG MUSIKK Motehuset Bryne Torg - Storgata 10-12 - 4340 Bryne - Tlf: 51 48 65 20	BRYNE RØR Skulegata 9, 4340 Bryne Tlf: 51 77 82 00 Fax: 51 77 82 11 Internett: www.bryneror.no E-mail: post@bryneror.no
	GRUDE BYGG NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER Bedriftsvegen 35, Klepp st. Tlf. 51 79 98 50 • Mob. 908 32 061 Post@grudebygg.no • www.grudebygg.no	Sele Auto as Tlf. 51 42 32 73 Selev. 4, 4345 Voll

 Block Berge VI TAR ANSVAR 4353 Klepp st. • Telefon 51 78 99 00 • Telefax 51 78 99 01	 Fagmøbler Jæren Møbelbutikken på Kleppe Tlf. 51 48 15 30 Åpningstider: 10-19 og 10-14	 FARSTAD catering Tlf. 51 48 21 82
 Kyrkjebakken 2, Kleppe Tlf. 51 42 15 69	Ønsker du/dere å annonser i Menighetsbladet? Da er det bare å ta kontakt: menighetsbladet@klepp-kirken.no	 Seland Optikk interlens S A N D N E S • S O L A • K L E P P
Klepp TrafikkskoLe .no tlf. 51 42 75 05	 Fermate Rogaland – et sted for frihet og forandring	 idereiser as reise- & turoperatør Anne Kari Tveit Fossen tlf. 51 42 57 44, Verdalsv. 28, Kleppe
BR-BYGG Nybygg og rehabilitering mob. 908 70 412	TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED? Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670 eller e-post: fermaterogaland@emmaus.no	ALERIS UNGPLAN er en del av Aleris konsernet med virksomhet i Norge, Sverige og Danmark. Konsernet har over 6000 ansatte. Aleris Ungplan arbeider på oppdrag fra offentlige etater med konsulenttjenester, behandling og tiltaksutvikling innen barnevern. Aleris Ungplan består av 6 regioner fordelt over hele landet. Vår region i Sør har over 80 ansatte fordelt på regionkontor, familiehjem og turnustiltak.
Sele GjødseLtransport AS Rindavn. 160 – 4354 Voll Mob. 959 71 737	Et samarbeid mellom Bethaniastiftelsen, Diakonova og Normisjon. Besøksadr.: Hoveveien 38, 4306 Sandnes	FAMILIEHJEM Grunnet økende oppdragsmengde, utvider Aleris Ungplan sin virksomhet til Rogaland. I den forbindelse søker vi etter stabile hjem, med trygge voksne omsorgspersoner som har sans for ungdom. Dere kan ha egne barn eller barn som har flyttet ut, dere kan være hjemmearbeidende eller i jobb. Erfaring med ungdom eller denne typen arbeid er en fordel. Aleris Ungplan gir tett oppfølging fra faste familiehjemsveiledere, og bistår med nødvendige forsterkningstiltak i og rundt familiehjemmene etter behov. Tilgjengelige fagkonsulenter hele døgnet. Fagsamlinger/temakvelder. Aleris Ungplan tilbyr gode arbeidsforhold og utviklingsmuligheter. For alle stillinger kreves det gyldig politiattest.
FAGBUTIKKEN MED SERVICE MALING BELEGG TEPPER TAPETER GRUPPETEPPER LØPERE SOLSKJERMING Åpent: 9-18 (14) FARGERIKE ROSLAND KÅSEN • BRYNE • TLF. 51 42 60 15	PARADIS HUDPLEIESALONG Idrettsv. 1 – 4352 Kleppe – tlf. 51 42 08 61 Gavekort – ryggmassasje – hull i ørene – D-tox fotbad – hårfjerning	Interesserte kan henvende seg til familiehjemsveileder Guro S. Vigrestad tlf: 93418656, e-post:guro.synnove.vigrestad@aleris.no, eller familiehjemsveileder Tina Salte Rosland tlf: 99701790, e-post: tina.salte.rosland@aleris.no.
 alt i gravng og loing Erga MASKIN AS Brautveien 401 4343 ORRE Telefaks 51 43 43 68 Bent Erga 970 80 243 Cato Utbjoa 976 00 616 Ftn. NO 979 281 013 mva	Aase Gartneri AS Tlf. 51 42 86 15	Aleris UNGPLAN
Treprosjekt spesialinnredning og corian® Treprosjekt AS Industrihusen 4 4353 Klepp Stasjon Tlf: 51 79 96 80 F 51 79 96 81 Email: post@treprosjekt.no www.treprosjekt.no		

Vi bidrar til restaureringen av Orre gamle kirke.

Helge Schjelderup sivilarkitekter MNAL as
Murmestrene Garpestad & Gausland AS
Malermestrene Sørensen & Syrstad AS
Byggmester Jens Gerlach Sørensen AS
Snekkermester/møbelkonservator Niels Noer
Arkeologisk museum i Stavanger



avhogging av utvendig murpuss, høsten 2008

Gratis advokathjelp - Klepp rådhus

Tilbodet med gratis advokathjelp startar opp igjen måndag 17. januar. **Kvar måndag kl. 1300 - 1500** vil det vera advokatvakt på rådhuset, klar til å gi råd og svara på spørsmål. Tilbodet gjeld alle innbyggjarane i Klepp kommune, og er gratis. Det kan nyttast i alle typar saker, med unntak av saker som gjeld skatte- og avgiftsrett. **For timebestilling, og evt. spørsmål om ordninga - ring tlf. 51 42 98 00**

Klepp Frivilligsentral

Kontoret finn du i midtfløyen på Fredheim, i 1 etasje. Opningstida er frå kl 9 til 14 måndag til fredag.

Har du tid, interesser og evner som du har lyst til å dela med andre menneske?

Klepp Frivilligsentral tilbyr deg varierte utfordringar. Du avgjer sjølv kor mykje tid du har, og kva som passar for deg. Du veit best sjølv kva du vil delta på. Me kan seie noko om kor innsatsen trengst, og inviterer deg til ein samtale om dette. Ta kontakt med Klepp frivilligsentral på tlf. 51 42 96 40, mail: aknh@klepp.kommune.no

Møteplassen

Ønskjer du meir innhald i kvardagen? Møteplassen er eit kulturelt fritidstilbod for menneske med ulik rusavhengighet i samarbeid med Frivillige. Det er open kafé to dagar i veka, tysdag og fredag 11.00 - 13.00 med mat og god drøs. I tillegg blir det ulike kultur og fritidsaktivitetar i løpet av vøren. Maletreff, fototreff, fiske og friluftstreff og anna. Maletreff frå måndag 17. januar kl. 18.00. Vi held til i Jærvegen 540 (tidlegare nettprint sine lokale). Bli med! Kontakt Liv Wenche, tlf 456 19 955 for meir informasjon.

Språksprell

Er du ny i Norge? Vil du trene på å snakke norsk? Har du lyst til å treffe folk frå Klepp? Språksprell er eit tilbod til alle i Klepp som vil øve seg i å snakke norsk saman med Frivillige i Klepp Frivilligsentral, kvar torsdag kl. 11.30 – 13.00 med felles lunsj. Kontakt Frivilligsentralen eller Thorbjørg Kristjansdottir for meir informasjon.

Kul-tur!

Turar med kulturelt innhald i nærmiljøet. Turane varer i 2,5 – 3 timar og vert leia av Frivillige frå Gjesdal, Time, Klepp og Hå. Ta med matpakke, klær etter vær, og gode sko. Vårens vakre turar: 15. februar – Kongevegen i Hå, 15. mars Lye – Ålgård med Time friv. sent, 12. april Særheim-Krosshaug i Klepp, 10. mai Edlandsfjellet i Gjesdal, 14. juni Veslemøys rike i Time. Kontakt Frivilligsentralen for meir informasjon.

Full rulle!

Trilletreff for småbarnsforeldre. Nå blir det full rulle i nærmiljøet ditt. Du er kvalifisert til å vere med andre rullande mødre og fedre på tur. Bli med på kjekke turar og utvid nettverket ditt. Vi ønskjer å starte turgupper fleire stader i kommunen. Når det er nok deltaktarar ein stad startar vi opp.

Glade hjul

"Glade hjul" er eit tilbod til rullestolbrukare ved insitutsjonane i Klepp. Ein dag i veka møtes frivillige i trillegjengen. Ved å vere fleire frivillige saman på trilleturane, blir det sosialt og triveleg. Du treng ikkje stille kvar veke, men når det passar for deg. Kvinner og menn i alle aldre er velkomne.

Natteramn

At vaksne viser igjen der ungdom oppheld seg, er hovudtanken bak ideen med natteramn. Ein natteramn er ein edru vaksen som er synleg og til stades for barn og unge. Natteramnane i Klepp er i Klepp sentrum fredagskveldane og i Bryne sentrum laurdagskveldane. Vi treng fleire natteramnar – ta kontakt!

Besøksvenn/turvenn

Me treng fleire frivillige som ønskjer å vere besøks- eller turvenn. Besøksvennene er til hjelp og støtte for eldre og unge einslege som opplever isolasjon

Det er mange som ønskjer nokon å dela gleder og sorger med. Me blir ofte kontakta av folk som ønskjer støtte og oppmuntring i kvardagen. Som besøksvenn får du kontakt med menneske som av ulike grunnar ønskjer nokon å snakke med. Du går på besøk, drøser om laust og fast, går på tur eller anna som begge set pris på. Ta kontakt med Frivilligsentralen for å bli Besøksvenn.

Strandturen

Liker du å gå på tur på stranda i lag med kjekke folk? Då kan du slå deg i lag med oss, den glade turgjengen på Orrestanda. Vi møtes tysdagar kl 10.30 ved Friluftshuset på Orre. Turen varer i omtrent ein time, og innimellom stoppar vi for litt tøy og bøy. Ta med nistepakke og drikke. Dersom du treng skyss, ta kontakt med Klepp Frivilligsentral 51 42 96 40 eller Time Frivilligsentral 905 29 346.

Frukosthjelp på Kleppheimen

To gonger i veka, frå kl. 0800 - 0930, hjelper frivillige frå Klepp til med å lage frukost på Kleppheimen. Vi treng flere frivillige til dette arbeidet. Du et frukost saman med bebuarane og gir dei ein god start på dagen. Vil du vere frukosthjelp, ta kontakt med Frivilligsentralen.

Høyr Her tenesta

Her kan folk med høyreapparat få råd, rettleiing og praktisk hjelp av likemenn. Sal av rimelege batteri til høyreapparat. Treffa er eit samarbeid mellom Frivilligsentralen og HLF Jæren.

På Frivilligsentralen: Høyr-Her treffa er siste onsdag i månaden - kl 1230 - ca. 1 time. Datoar: 23. februar, 30. mars og 27. april.

På Kleppetunet (kafeteriaen i samband med Syng med oss): Høyr-Her treffa er første torsdag i månaden - kl 1700 – 1800. Datoar: 3. februar, 3. mars, og 7. april.

Frivillighetssentralen låner ut:

- Babystolar for bruk i bil; (opp til 1 år) og nett for bag.
- Mobil teleslynge
- Lydbøker
- Langrennski
- Skøyter
- Møterom på kveldstid

Utleige av: Kano, Lavo, Telt
Ustyret kan leigast på Frivilligsentralen tlf 51 42 96 40.
Ordninga er eit samarbeid mellom Klepp Sparebank og Frivilligsentralen.

Lørdagslaget - Klepp stasjon

Treffa er første laurdag i månaden. Du er velkommen. Kontaktperson: Kristoffer Jaarvik i tlf 51 42 39 59.

Bore samfunnshus - eldremiddag

Bore samfunnshus arrangerer middagskafé siste måndag i månaden. Middagar framover: 28. februar, 28. mars og 30. mai. Påmelding Else Sveinsvoll tlf 51 42 03 04 eller til Torny Horpestad 51 42 04 92. Alle er hjerteleg velkomne.

Orre samfunnshus - eldremiddag

Me møtest første torsdagen i månaden. Middagar framover: 3. februar, 3. mars og 7. april. Tur i mai. Påmelding i god tid til kontaktperson Oddny Horpestad tlf 51 42 86 33. Alle er hjerteleg velkomne.

Tirsdagsklubben - Orstad

Me møtest første tysdagen i månaden frå kl 1300-1500. Treffa framover: 1. februar, 1. mars og 5. april. Kontaktperson: Tordis Byberg, tlf. 980 58 377. Alle er velkomne.

Internasjonal kvinnegruppe

Eit internasjonalt treffpunkt for alle kvinner i Klepp. Vi møtest på Kleppe skule siste tysdag i månaden frå kl 1800 – 2200. Datoar framover: 22. februar, 29. mars, 26. april og 31. mai. For meir informasjon, ta kontakt med Frivillig-sentralen, eller Thorbjørg Kristjansdottir, fritid, Klepp kommune, tlf. 51 42 98 24 / 95 27 62 88.

Karar med klype

er ei mannfolkgruppe som held nærmiljøet reint. Me møtest siste torsdag i månaden og går ut i grupper på to og to. Etter ryddesjauen samlast me til vafflar, kaffi og drøs. Ta kontakt med Frivilligsentralen for meir informasjon.

Leksehjelp

Me treng leksehjelparar ved Bore skule måndagar og ved Kleppe skule tysdagar. Ein leksehjelper er ein vaksen som støtter og legg til rette for at eleven kan gjere lekser etter skuletid.

Eldre hjelper eldre

er ei gruppe spreke eldre som ønsker å hjelpe eldre eller uføre i Klepp med små tenester som kjøring, handling eller små vennetenester. Hjelpa er begrensa til ein time og kostar kr 75. Dersom du treng hjelp eller ønsker å bli med som hjelpar ta kontakt.

Småjobb for ungdom

Klepp frivilligsentral formidlar småjobbar som ungdom mellom 14 og 18 år utfører. Treng du hjelp til husarbeid, utarbeid eller barnevakt, ta kontakt. Ungdommane får kr. 75 pr time for arbeid, og kr. 50 pr time for barnevakt.

Nettkafé Klepp

Klepp frivilligsentral har nettkafé torsdagar. Målet til ein nettkafé er å få dei over 55 til å kunne bruke pc, og surfe på nettet i tillegg til å skape ein hyggeleg møteplass i nærmiljøet. Ønskjer du å bli med anten som frivillig hjelpar eller som kursdeltakar, ta kontakt med oss i Frivilligsentralen. Alle er velkomne kvar torsdag kl. 9.30 på Fredheimsloftet.

Nybegynnerkurs i data

Klepp Nettkafe held nybegynnerkurs i data for seniorer denne våren. Meld deg på hos Klepp Frivilligsentral.

Slektsgransking

Ønskjer du å lage ditt eige slektstre? Interessert i dine aner? Gjengen av slektsgranskarar møtest måndagar kl 9.30 på Fredheim. Ta med eigen pc – vi har gode frivillige hjelparar og vil ha med oss fleire.

**FREDHEIM AKTIVITETSSENTER STIFTELSEN
FREDHEIM – AKTIVITETAR**

Tysdagstreff

I samarbeid med andre lag og organisasjonar inviterer me til sosialt samvær på Stova kvar tysdag kl 1400 (ikkje første tysdag i månaden). Det er forskjellig underhaldning med bl.a. song og musikk, lysbilete og konkurransar. Etter ei god kaffistund er det trim på Loftet og i Stova. Alle er velkomne.

Middagsservering kvar onsdag kl 1200

Menyen vekslar mellom komle, fisk og kjøt. Påmelding/info til Liv Stangeland - tlf. 90 11 51 47.

Lørdagsgrøt med noko attåt

frå kl 1200 – til ca kl 14.15.

12. februar – program: Karl E Grude syner bilete frå tur til Russland. Trekkspel og gitar: Karl Særheim, Børge Bøgelund og Robert Vik.

26. februar – Program: Karl Fjogstad, Georg Pollestad, Bjørg Line Furland og Karl Kvereland. Trekkspel: Joleiv Ellingsen og Edvin Kleiveland

12. mars – program: "Staurhodel" Trekkspel og gitar: R. Hole, T. Gudmestad og K.O. Thorsen

Eldreklubb – fredagar

i stova på Fredheim kl 1200 – 15:30. Kortspel, handarbeid og bingo. Kaffi og kaker. Her er god plass til fleire. Kontaktperson: Liv Pedersen – tlf 51 42 19 87

Seniordans


kvar sundag kl 1730 – 1930. Alle er velkomne.

KLEPPETUNET

Syng med oss torsdag 3. februar, 3. mars og 7. april kl 1800
Bingo tysdag 15. februar, 15. mars kl 1800

Marit's hårfrisør på Fredheim aktivitetssenter i 2. etasje har open salong kvar onsdag førermiddag. Timebestilling tlf 51 42 54 96.

DØYPTE



KLEPP

14.11
Mari Horpestad Hansen
Markus Rugland Hatteland
Martine Rugland Hatteland
Jenny Hove
Erik Østebø
Sondre Lunde Soma

21.11
Maria Buer Vik (Engelsvoll skule)

28.11
Liam Engedal
Tilla Klovning Hansen
Gabriel Helgeland
Daniel Souza Lura
Nicolai Søyland
Aksel Ueland

12.12
Tobias Horpestad
Tobias Tjensvold Kreivaitis

25.12

Rebekka May Mæland
Seagrief

09.01
Regine Oskal Kleppe
Mika Muren (Engelsvoll skule)
Ella Samnøy

BORE

14.11
Mathilde Borsheim
Mathea Gimre
Ville Hole
Mathias Nielsen Sele
Sandra Skårland Stangeland

05.12
Anders Selland Grytås
Rakel Johanne Lende

09.01
Nora Stueland Khan
Sofia Stueland Khan
Noah Knutsen

ORRE

28.11
Andreas Bergmann
Anastasia Olsen

VIGDE



ORRE

18.12.2010. Tordis Eline Salte og Trygve Ødemotland

GRAVLAGDE



KLEPP

19.11.10
Berta Fossum
25.11.10
Endre Nøkling Øveraas
01.12.10
Björg Høyland
30.11.10
Ingjald Braut
03.12.10
Livar Audun Storhaug
08.12.10
Marit Byberg Oftedal
09.12.10


Rakel Marie Jakobsen
21.12.10
Johannes Heimvik
05.01.11
Martin O. Anda

ORRE

16.11.10
Rolf Sigmund Salte
26.11.10
Olga Marie Bekkeheien
30.12.10
Jan Marin Hadland

Prikk til prikk

Tegn en strek fra 1 til 2 og så videre.
Hvem skjuler seg her?



Bli kjent med Kaptein Klo
i barnebladet **BARNAS**



18 blader + 1 CD i året rett hjem for kun kr 290,-!

Bestill barnebladet **BARNAS** på post@sondagsskole.no



KIRKESKYSS

Dette er et flott tiltak. Mange ønsker å være med på gudstjeneste søndag formiddag, men mangel på både bil og buss, gjør det vanskelig, for ikke å si umulig, å komme seg av gårde. Men da er kirkeskyssen god å ha. Villige sjåfører stiller opp, henter deg til gudstjeneste og bringer deg trygt hjem igjen etterpå. Og best av alt, sjåførene kjører med glede, og det koster ingen ting for deg som benytter tilbudet. I Menighetsbladet, under oversikten for gudstjenester, finner du annonse for kirkeskyssen, og hvem du kan ringe til hvis du ønsker skyss til kirken.

Men vi skulle gjerne hatt noen flere sjåfører. Så er du der som kunne tenkt deg en slik tjeneste, hører vi gjerne fra deg. Du vil da bli satt opp på en liste av sjåfører i din menighet, som det går an å ringe til søndag morgen. Nå kan det jo hende at du får en telefon en dag du ikke kan kjøre, men da sier du bare fra om det, og vedkommende som ringer, kan ta kontakt med neste person som står på listen.

Så ordnes det både greit og direkte.

Er dette noe for deg da, nøl ikke, men ta kontakt med diakonen, Henny Lie Sandve, og meld deg til tjeneste.



51 78 95 56/55 eller 473 02 252

FORENINGER OG LAG

Klepp eldre kvinneforening for NMS har møte i menighetssalen Klepp Kyrkje kl 14:00, desse datoane våren 2010:

14. februar, 14. mars, 11. april, 9. mai, 6. juni

Velkommen til å være med oss!

Verdalen misjonsforening har møte hos Andrine Homme mandag 21. februar kl. 19:30 og hos Anne Louise Mundal mandag 21. mars kl. 19:30

Jeg som er den minste av de hellige, har fått den nåde å forkynne evangeliet om Kristi ufattelige rikdom for folkeslagene og bringe Guds frelsesplan fram i lyset, det mysteriet som fra evighet av har vært skjult hos Gud, han som skapte alt. Slik skulle hans mangfoldige visdom bli kunngjort gjennom kirken for maktene og åndskreftene i himmelrommet, etter Guds evige forsett, som han nå har fullført i Kristus Jesus, vår Herre. I ham har vi frimodighet, og i troen på ham kan vi komme fram for Gud med tillit.

(Eff. 3: 8-12)

Korleis har du det...

EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300

Epost-teneste: www.kirkens-sos.no



Kirkens SOS

EIT MENNESKE Å PRATE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

MØTE



Klepp Bedehus

Februar

04. Eldretreff kl.14.00
06. Treffpunkt IMF kl.18.00
13. Fokus kl. 10.30
13. Normisjon kl.19.00
15. Årsmøte bedehuset
20. Storsamling kl. 18.00
27. Fokus kl. 10.30
27. NLM kl. 19.00

Mars

04. Eldretreff kl.14.00
06. Treffpunkt IMF kl.18.00
13. Fokus kl. 10.30
13. Årsfest soknerådet
18.00
20. Storsamling kl. 18.00
25. Vårbasar for bedehuset
27. Fokus kl. 10.30

Bore Bedehus

Februar

06. Møte ved Israelsmisjonen kl. 19.00
10. Årsmøte, bedehuset kl. 19.00
13. Søndagstreffen kl. 11.00
17. Herrenes aften kl. 19.00
20. Møte ved Åpne Dører kl. 19.00
27. Kveldstreffen kl. 18.00

Mars

06. Noreamøte kl. 19.00
13. Søndagstreffen – light kl. 11.00
19. Familiemøte med utlodning kl. 16.00
20. Møte ved NMS kl. 19.00
27. Kveldstreffen kl. 18.00
31. Damenes aften

Torsdagsskolen

Februar

03.02. Bore Bedehus kl. 19:30
24.02. Sele Bedehus kl. 19:30

Mars

03.03. Voll bedehus

kl. 19:30
10.03. Bore bedehus kl. 19:30
17.03. Sele bedehus kl. 19:30 – NMS
24.03. Voll bedehus kl. 19:30

Klepp Stasjon Bedehus

Februar

06. Søndagssamling IMF kl. 16:00
07.-09. Barneveke med Helga Røyland
13. Føremiddagsmøte NLM kl. 11:00
20. Søndagsmøte IMF (årsmøte) kl. 18:00
23. Årsmøte bedehuset kl. 19:00
27. Søndagsmøte NMS kl. 18:00

Mars

03. NMS kvinneforening – utlodning kl. 19:00
06. Søndagssamling kl. 16:00
13. Føremiddagsmøte IMF kl. 11:00
18. Møte med utlodning ved Misjonsalliansen kl. 19:30
20. Søndagsmøte NMS kl. 18:00
22.-27. Møteveke NLM
31. Bedehusbasar kl. 18:30
Kafé 14:00-17:30

Kveldsbøn kvar torsdag kl. 20:30

LAM I HVIT SAUS



Lammesteken smakte perfekt. Så godt som bare ferskt lam kan smake. Sausen hadde jeg laget fra bunnen av. Brukt kraft fra steking og gjort alt som sto i kokeboka. Rikelig med fløte hadde jeg også hatt i sausen. Så smaken var perfekt.

Egentlig var jeg ganske stolt over det jeg hadde fått til. For første gang i mitt liv hadde jeg våget meg på noe så avansert som en stek.

Like fullt var husets folk misfornøyde. Problemet var at jeg manglet sukkerkulør. Disse små dråpene som får lys saus til å bli brun saus.

I mitt enfold tenkte jeg at det gjorde jo ingenting. For sukkerkuløren får bare sausen til å se ut slik vi er vant med.

Men lammestek i hvit saus var tydeligvis mer enn familien min kunne godta. Ferske kokker får vær så god å gjøre det slik vi er vant til.

Handler dette også om måten vi møter hverandre i menighetene? Vi vet så bestemt hvordan ting skal være og se ut at det er vanskelig å prøve seg på nye ting. Tradisjoner og vaner sitter fast. Og ting skal være på en bestemt måte.

Så enten det er nye kristne eller nye ansatte som gjør ting på en annen måte. Det kan lett møtes med kritikk. Kritikk for bagateller, i stedet for å ta til oss det sentrale i budskapet.

Paulus sier det på sin måte: Ta derfor imot hverandre, slik Kristus har tatt imot oss, til Guds ære (Rom.15.7)

Sigve Ims
Sokneprest i Frøyland og Orstad kyrkje